

# **Sakliste - Årsmøte 2020**

## **Møre og Romsdal folkemusikklag**

**Dato/tid:** 12. september 2020 – kl 17.00 + digitalt via Zoom

**Stad:** Vestnes Frivilligsentral

---

### **Sakliste:**

1. **Registrering av deltagarar med stemmerett**
2. **Godkjenning av innkalling og sakliste**
3. **Velje møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen**
4. **Godkjenning av årsmelding**
5. **Godkjenning av årsrekneskap**
6. **Godkjenning av budsjett og handlingsplan**
7. **Fastsetjing av lags- og medlemskontingent**
8. **Saker frå styret og medlemmane**
9. **Val av styre, revisor og valkomite**

### **1. Registrering av deltagarar med stemmerett**

Antal utsendingar (med stemmerett) per medlemslag:

- Nordmøre Spelmannslag: 1
- Romsdal Spelemannslag: 1
- Rauma Spelmannslag: 0
- Spelemannslaget Dåm og Drag: 1
- Grendalaget: 1
- UL Ivar Aasen: 2
- Spelemannslaget Havella: 0
- Valldal Spelemannslag: 1
- Tressalaget: 0
- Ålesund spelemannslag: 0
- Styret: 2

Totalt antal deltagarar med stemmerett: 9

Antal observatørar utan stemmerett: 0

### **2. Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:** Godkjent

### **3. Velje møteleiar, skrivar og to til å skrive under møteboka saman med møteleiaren.**

**Vedtak:**

Møteleiar: Hanne Salthammer

Skrivar: Marius Berglund

Protokollunderskrivarar: Vidar Underset

Protokollunderskrivarar: Bodil Tessem

**4. Godkjenning av årsmelding**

Vedlegg: *Årsmelding for 2019*

**Vedtak:** Godkjent

**5. Godkjenning av årsrekneskap**

Vedlegg:

- *Revidert rekneskap for 2019*
- *Revisormelding*

**Vedtak:** Godkjent

**6. Budsjett og handlingsplan**

Vedlegg: *Framlegg til budsjett for 2020 MRFL*

**Vedtak:** Godkjent

Vedlegg: Handlingsplan 2020 MRFL

**Vedtak:** Godkjent

**7. Fastsettjing lags- og medlemskontigent**

Møre og Romsdal folkemusikklag er områdelag for alle lokallag som er medlem av FolkOrg i Møre og Romsdal. Laget opererer både med lags- og medlemskontingent.

- Lagskontingenen var i 2018 kr 600 per lag per år. Lagskontigent blir kravd inn av styret.
- Medlemskontingenen for vaksne medlemmar har vore kr 60 for vaksne medlemmar og kr 30 for born for 2018. Medlemskontingenen blir kravd inn av FolkOrg og refundert fylkeslaget i etterkant.

**Vedtak:** Kontingenen forblir uendra for 2020

**8. Saker frå styret og medlemmane**

Ingen innkomne saker

**9. Val av styre, revisor og valkomite**

§5 – Val - «Styret er samansett av ein leiar og fire faste medlemmer med varamedlemmer. 1. varamedlem vert alltid innkalla til styremøte. Leiaren vert vald av årsmøtet for eitt år, styremedlemmene for to år, slik at minst to er på val kvart år. Dessutan vel årsmøtet for eitt år to varamedlemmer til styret, og to

revisorar\*. Det skal også veljast ei valnemnd på to personar, for eitt år, der ein vert vald som leiar. Dersom nokon av utsendingane krev det, skal vala skje skriftleg. Styret vel sjølv seg imellom nestleiar, skrivar og kasserar.»

Valkomite har vore Leikny Aasen og Hans Erik Wold

**Vedtak:**

Styreleiar for eitt år: Kine Iselilja Gyldenskog

Styremedlem for to år: Bodil Tessem

Styremedlem for to år: Hanne Salthammer

Styremedlem ikkje på val: Thea Marie Ytterdal

Styremedlem ikkje på val: Solfrid Bjørke Gjuvsland

Varamedlem for eitt år: Anna Liv Skjelten Gjendem

Varamedlem for eitt år: Marius Berglund

Valkomite for eitt år: Årsmøtet gir styret fullmakt til å velje to personer til valkomite for 2021.

Revisor for eitt år: Hovden og Vatne revisor

Protokoll godkjent dato: 12.09.2020

Signatur:



Signatur:



# Årsmelding 2019

## Møre og Romsdal Folkemusikkklag

---

### 1. Om Møre og Romsdal Folkemusikkklag

#### «§ 1. Føremål

*Møre og Romsdal Folkemusikkklag skal arbeide for å fremje interessa for folkemusikk og folkedans. Laget skal dyrke og ta vare på dei lokale tradisjonane i spel, vokal folkemusikk og dans.*

#### § 2. Lagsoppgåver

##### *Fylkeslaget skal:*

- *Samordne arbeidet for folkemusikk og folkedans i samsvar med føremålet for organisasjonen,*
- *leggje tilhøva til rette for arbeidet i lokallaga*
- *medverke til å skipe nye lag - drive opplærings- og kursverksemd*
- *i samsvar med føremålet ivareta interessa andsynes fylkeskommunale styresmakter*
- *syte for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år*
- *drive innsamlingsarbeid og vere med i folkemusikkarkivets verksemd»*

### 2. Medlemsskap

I høve vedtekten er alle spelemannslaga i fylket som er med i FolkOrg også medlemmar av fylkeslaget. Landsmøtet til FolkOrg bekrefta dette gjennom vedtak i 2017.

#### Medlemslag (FolkOrg/MRFL)

- Nordmøre Spelmannslag
- Romsdal Spelemannslag
- Rauma Spelmannslag
- Spelemannslaget Dåm og Drag
- Grendalaget
- Spelemannslaget i Ungdomslaget Ivar Aasen
- Spelemannslaget Havella
- Valldal Spelemannslag
- Tressalaget
- Ålesund spelemannslag

Samla antal medlemmar i Møre og Romsdal Folkemusikkklag per 31.12.2019 var 192.  
Antal personar under 26 år: 28

#### Kontingent

Fylkeslaget har både lags- og personmedlemmar.

Lagskontingen i 2019 har vore kr 600.

Medlemsskap vaksen kr 60 og medlemsskap born kr 30. Personkontingenen blir kravd inn av FolkOrg og refundert til område- og lokallaga.

### **3. Organisasjon**

#### **Styret**

Leiar:	Hanne Moldver Salthammer
Nestleiar:	Kine Iselilja Gyldenskog
Styremedlem:	Solfrid Bjørke Gjuvsland Thea Marie Ytterdal Bodil Tessem
Vara:	Anna Liv Skjelten Gjendem Marius Berglund

Solfrid Bjørke Gjuvsland har vore skrivar

Hanne Salthammer har vore kasserar.

Føring av rekneskapen er gjort av Sparebank1 Regnskapshuset.

Revisor: Årsmøtet valde Hovden og Vatne som revisor.

Styret har hatt tre møter og behandla 16 saker i 2019.

Bildet over: Styret samla etter årsmøtet. Anna Gjendem, Solfrid B. Gjuvsland, Bodil Tessem, Thea Marie Ytterdal og Hanne Salthammer



#### **Årsmøtet**

Årsmøtet vart halde i samband med fylkeskappleiken i Valldal, 24. mars 2019. 7 medlemslag var representert i tillegg til styret. Årsmøtet valde Leikny Aasen og Hans Erik Wold til valkomité for 2020.

### **4. Samarbeid med Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal**

#### **Styret**

Hanne Salthammer har vore folkemusikklaget sin styrerepresentant i Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal i 2019. Ho har delteke på fire styremøter og andre møter i høve overføringa av Folkemusikkarkivet til Musea på Sunnmøre.

#### **Fusjon**

Folkemusikklaget har vore ein av fem stiftalar av Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal. FAMR vart vedteke fusjonert med Stiftinga Sunnmøre Museum (SSM) og Kulturkartalet KUBE i 2018. Fusjonsprosessen har tatt lang tid, men prosessen kom i havn september 2019. Stiftinga og styret er no lagt ned og drifta av folkemusikkarkivet fortsett under den nye museumsstiftinga Musea på Sunnmøre (MUPSU).

#### **Sekretærstilling / Kjøp av tenester**

Styret har sidan 2016 kjøpt av tenester frå Folkemusikkarkivet i Møre og Romsdal (FAMR). Ordninga er stadfesta via ei rammeavtale som signerast årleg. Oppgåvene som skal utførast er beskrive i styret sitt årshjul og er mykje knytt opp mot MRFL sine

arrangement som kurs og kappleik. Timeomfanget har ligge på mellom 30-50 timer i året.

### Folkemusikar-/folkedansarstillingar

Med midlar frå fylkeskulturavdelinga tilsette FAMR to folkemusikarar i 40% stilling sommaren 2018. Thea Marie Ytterdal på fele og eldre folkemusikkinstrument, og Marius Berglund på trekkspel/toradar. Begge sit også i styret for MRFL og samarbeidet er difor tett. FAMR lyser også ut instruktørar to gonger i året som medlemslaga til MRFL kan bestille og nytte seg av.

### Samarbeidsmøte med ungdomslaga

FAMR gjennomførte to samarbeidsmøter mellom folkemusikklaget og ungdomslaga (NUMØR). Hensikta med møta er å betre kommunikasjonen mellom spel- og danselag og skape ein plattform for tettare samarbeid kring arrangement og prosjekt. På møta blir det ma. informert om laga sine planer for arrangement og ein planlegg ulike samarbeidsprosjekt.

### #MORO – Felleslag ved kappleik utanfor fylket

Møre og Romsdal folkemusikklag tok hausten 2019 initiativet til å melde på fylkeslag for tevling i kappleikar utanfor fylket. Etter å ha sjekka interesse vart det påmeldt eit felles felelag for fylket til Vestlandskappleiken i Nordfjordeid 19. oktober. Prosjektet vart gjennomført i samarbeid med Folkemusikkarkivet som organiserte og gjennomførte det musikalske og praktiske arbeidet i høve deltakinga. Thea Marie Ytterdal plukka ut melodiane, gjorde opptak til øving, gjennomførte to fysiske øvingar i forkant av tevlinga og leia laget i tevlinga. Felelaget vart påmeldt under #MORO og medlemmar frå fire ulike lag deltok. Ekstra moro var det at laget vann tevlinga foran sju andre lag.



Bildet: Fylkeslaget #MORO med deltakarar frå Volda, Valldal, Herøy og Vestnes under Vestlandskappleiken i Norfjordeid

Folkemusikklaget ønsker at ordninga med felleslag under navnet #MORO blir vidareført for deltaking på kappleikar utanfor fylket. Alle typer lagdeltaking kan vere aktuelt, avhengig av interessa blant detakarane. Fylkeslaget vil betale påmeldingsavgifta til fylkeslaget og instruktørtenester i forkant, men detakarane må sjølv betale og ordne seg med transport, mat og overnatting. Hensikta med å stille slike lag er å stimulere til at detakarar frå fylket deltek på tevlingar utanfor fylket. Gjennom deltaking utanfor fylket får vi synt fram vår tradisjon for resten av folkemusikk-Noreg. Kappleiksdeltaking er også veldig sosialt og deltaking skaper og styrkar relasjoner mellom utøvarar frå ulike lag. Deltaking i fylkeslaget #MORO skal vere tilgjengeleg for alle interesserte. Det viktigaste skal vere å delta – ikkje å vinne!

## **Ungdomssamlingane «Raudan Gull»**

Folkemusikkarkivet har sidan våren 2018 gjennomført tre separate ungdomssamlingar for ungdommar i alderen 12-30 år kalla «Raudan Gull». Prosjekta har fått midlar frå fleire aktørar, mellom anna Dextra Musica/FolkOrg, RFF og MR Fylkeskommune, MRFL og NUMØR. Prosjektet er også eit praksisk samarbeidsprosjekt mellom organisasjonane i Møre og Romsdal.

### **Ungdomssamlingar – kort oversikt:**

- «Raudan Gull 1» (2016/2017) – Ca 30 deltagarar. Musikalsk leiar Jorun Marie Kvernberg. Fleire helgesamlingar og konsert under fylkeskappleiken i Fosnavåg.
- «Raudan Gull 2» (2017/2018) – Ca 20 deltagarar. Musikalsk leiar Jorun Marie Kvernberg. To helgesamlingar og konsert under Klangfestivalen i Fræna
- «Raudan Gull 3» (2018/2019) – Ca 40 deltagarar. Musikalsk leiar Jorun Marie Kvernberg. To helgesamlingar og konsert på Ørsta kulturhus
- «Raudan Gull 4» (2019/2020) – Ca 40 deltagarar. Musikalsk leiar Sturla Eide. To helgesamlingar og konsert på Tresfjord fleirbruks hus under jubileumsfesten til MR folkemusikkarkiv. Prosjektdeltakarane vart også invitert til å halde same konsert på Rikscenen i Oslo og reise dit med buss. Der framførte dei forestillinga som konsert søndag 16. februar 2020. Deltakarane hadde også planlagt deltaking i klassene felelag og open klasse under fylkeskappleiken 2020, men denne vart dverre avlyst grunna pandemi.



Over: Deltakarane på «Raudan Gull 4» i Tresfjord november 2019



Over: Frå konserten «Til glede og gavn» på Riksscenen, februar 2020, Ungdommssamlinga «Raudan Gull 4»

### **Arrangørsmøte - Fylkeskappleiken**

Marius Berglund ved FAMR har vore kontaktperson mellom fylkeslaget og arrangøren.

### **Internett**

Facebooksida «Folkemusikk i Møre og Romsdal» driftast av FAMR i samarbeid med MRFL. På sida samler ein informasjon om ulike arrangement og relevant informasjon som dei over 700 følgarane får med seg.

MRFL har også eigne heimesider som blir drifta av styret i samarbeid med FAMR

## **5. Deltaking i styrer, møter og forsamlinger**

### **Landsmøte - FolkOrg**

Kine Iselilia Gyldenskog deltok som fylkeslaget sin utsending under landsmøtet 2019 på Gjøvik i 19.-21. april 2019. Hanne deltok som utsending frå Spelemannslaget Dåm og Drag og Marius som gjesteutsending frå NTL. Kine, Hanne og Marius deltok på områdelagsmøte fredag kveld.

### **Områdelagsmøte - FolkOrg**

FolkOrg inviterte til fagdag i for områdelaga i samband med FolkLarm 2019. Hanne Salthammer deltok på seminar om rekruttering fredag 15. november.

### **Frivilligforum – Møre og Romsdal fylkeskommune**

Hanne Salthammer deltok som representant for styret på fylkeskommunen sitt årlege FrivilligForum hausten 2019.

### **Kurs i tilgjengelighet – Møre og Romsdal fylkeskommune**

Vi fikk invitasjon til gratis kurs i tilgjengelighet frå Møre og Romsdal fylkeskommune i oktober 2019. Hanne Salthammer deltok som representant for styret.

Fylkeskommunen krev at dei som mottek fylkeskommunal driftssøtte er medvitne kring tilgjengelighet mht. arrangement og informasjon ma. på nett. Styret har vald å ikkje søke om tilgjengelighetsmerket men arbeid med tilgjengelighet blir fokusområde for MRFL i 2020/2021.

## Møre og Romsdal Musikkråd

Hanne Salthammer har sitet som varamedlem i styret til Møre og Romsdal musikkråd på vegne av MRFL. Ho har delteke på eit styremøte men fått alle referat og informasjon på epost om styret sitt arbeid.

## 6. Eigne arrangement

### Fylkeskappleik

Fylkeskappleiken vart arrangert av Valldal spelemannslag på Martin Linge-Huset . Arrangementet varte over to dagar og det deltok omlag 150 aktørar. Førebuingane og gjennomføringa av kappleiken var særskilt godt og Valldal spelemannslag lukkas i å lage eit flott arrangement for store og små, deltakarar og publikum frå heile fylket.



Over: Fylkeskappleiken 2019. Alle deltakarane under 18 år samla på scenen til premieutdeling

### Tradisjonskurs

MRFL inviterte til dagskurs i torader, dans og felespel under kurshelga til «Raudan Gull 4» i Tresfjord laurdag 2. november. Kurs i torader med Rune Sjurgard hadde 9 deltakarar. Dansekurs med Inga Myhr hadde 7 deltakarar. Kurs i felespel vart avlyst då det her var mykje overlapp med «Raudan Gull 4».



Over: Blide deltakarar på toraderkurs med Rune Sjurgard

### Sjokoladekappleik

Sjokoladekappleiken for 2019 vart gjennomført søndag 3. november i Tresfjord fleirbrukskus i Vestnes. Arrangør var Spelemannslaget Dåm og Drag. Ca 70 deltakarar. Deltakarar frå Raudan Gull 4 var både medhjelparar og deltakarar under arrangementet i tillegg til tilreisande deltakarar frå heile fylket.



Over: Deltakarar på Sjokoladekappleiken 2019

### 7. Vandpremiar

MRFL har etablert vandpremiar for høgste poengsum innan dans, spel og vokal. Vandpremien blir vinnaren til odel og eige ved tredje napp i premien.

Følgande personar har napp i vandpremien for:

**Dans – Trevase**

2019: Anna Liv S. Gjendem og Svein Oskar Smogeli

**Spel – Maleri**

2019: Britt Elise Skram (solo fele)

2018: Britt Elise Skram (solo fele)


**Vokal – Rund tretine**

2019: Linnea Langseth/ Aurora Sæther

2018: Gro Kjelleberg Solli

2017: Ikkje utdelt

2016: Unni Boksasp



Bildet: Vinnarar av vandpremiane under fylkeskappleiken 2019. Britt Elise Skram, Aurora Sæter og Anna Giendem

## 8. Utdelt økonomisk stønad

Styret i Møre og Romsdal folkemusikklag har gitt økonomisk stønad i samband med følgande aktivitetar i 2019:

- Arrangørstønad Fylkeskappleik: Kr 10000,- til Valldal Spelmannslag
- Arrangørstønad Sjokoladekappleik: Kr 10000,- til Spelemannslaget Dåm og Drag
- Raudan Gull – kr 5.000 (utbetalt i 2020)
- Reisestønad på kr 1000,- til tre deltagarar for deltaking sommarkurs 2019
- *Reisestønad på kr 1000,- til deltagarar på dommarkurs, ingen søkerar*
- *Kursstønad – ingen søkerar*
- *Publikasjonar – ingen søknadar*

Styret har behandla og avslått to søknadar om konsertstønad i 2019. Stønad til konsert ligg ikkje under fylkeslaget sitt mandat.

## 9. Tildelt økonomisk stønad

MRFL har i 2019 fått økonomisk stønad frå følgande aktørar:

- Møre og Romsdal fylkeskommune - Treårig driftstilskot på 100.000

Møre og Romsdal fylkeskommune innvilga i januar 2020 driftsstønad på kr 100.000 for 2020. Styret stadfester at framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidninga av årsmelding og årsrekneskapen for 2019.

Styret 29.06.2020

Hanne M. Salthammer

Hanne M. Salthammer

Kine Iselilja Gyldenskog

Solfrid Bjørke Gjuvsland

Solfrid Bjørke Gjuvsland

Bodil Tessem

Bodil Tessem

Thea Marie Ytterdal

Thea Marie Ytterdal

**Årsregnskap 2019  
for  
Møre og Romsdal Folkemusikklag**

**Organisasjonsnr. 975854876**

## Resultatregnskap

	Note	2019	2018
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Salgsinntekt	3	116 050	121 320
Annen driftsinntekt		16 213	21 233
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>132 263</b>	<b>142 553</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønnskostnad	1	0	25 936
Annen driftskostnad		111 890	117 742
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>111 890</b>	<b>143 678</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>20 373</b>	<b>(1 125)</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
<b>Finansinntekter</b>			
Annen renteinntekt		24	51
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>24</b>	<b>51</b>
<b>Finanskostnader</b>			
Annen rentekostnad		0	47
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>0</b>	<b>47</b>
<b>NETTO FINANSPOSTER</b>		<b>24</b>	<b>4</b>
<b>ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>20 396</b>	<b>(1 121)</b>
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
<b>ORDINÆRT RESULTAT</b>		<b>20 396</b>	<b>(1 121)</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>20 396</b>	<b>(1 121)</b>
<b>OVERF. OG DISPONERINGER</b>			
Overføringer annen egenkapital		20 396	(1 121)
<b>SUM OVERF. OG DISP.</b>		<b>20 396</b>	<b>(1 121)</b>

Møre og Romsdal Folkemusikkklag

## Balanse pr. 31.12.2019

Note	31.12.2019	31.12.2018
------	------------	------------

### EIENDELER

#### ANLEGGSMIDLER

##### Varige driftsmidler

Maskiner og anlegg

2	3	3
---	---	---

##### Sum varige driftsmidler

<b>3</b>	<b>3</b>
----------	----------

##### SUM ANLEGGSMIDLER

<b>3</b>	<b>3</b>
----------	----------

#### OMLØPSMIDLER

##### Fordringer

Kundefordringer

101 800	1 800
---------	-------

##### Sum fordringer

<b>101 800</b>	<b>1 800</b>
----------------	--------------

Bankinnskudd, kontanter o.l.

23 631	78 162
--------	--------

##### SUM OMLØPSMIDLER

<b>125 431</b>	<b>79 962</b>
----------------	---------------

##### SUM EIENDELER

<b>125 434</b>	<b>79 965</b>
----------------	---------------

### EGENKAPITAL OG GJELD

#### EGENKAPITAL

##### Opptjent egenkapital

Annen egenkapital

86 861	66 465
--------	--------

##### Sum opptjent egenkapital

<b>86 861</b>	<b>66 465</b>
---------------	---------------

##### SUM EGENKAPITAL

<b>86 861</b>	<b>66 465</b>
---------------	---------------

#### GJELD

##### KORTSIKTIG GJELD

Leverandørgjeld

38 573	13 500
--------	--------

##### SUM KORTSIKTIG GJELD

<b>38 573</b>	<b>13 500</b>
---------------	---------------

##### SUM GJELD

<b>38 573</b>	<b>13 500</b>
---------------	---------------

##### SUM EGENKAPITAL OG GJELD

<b>125 434</b>	<b>79 965</b>
----------------	---------------

Vestnes 11 / 09 2020  
Styret i Møre og Romsdal Folkemusikkklag

Hanne Moldver Salthammer

Hanne Moldver Salthammer  
Styreleiar

Thea Marie Ytterdal

Thea Marie Ytterdal  
Styremedlem

Solfrid Bjørke Gjuvsland

Solfrid Bjørke Gjuvsland  
Styremedlem

Bodil Tessem

Kine Iselilja Gyldenskog  
Styremedlem

Bodil Tessem  
Styremedlem

## Noter 2019

### Note 1 - Lønnskostnad

#### Lønnskostnad, antall ansatte/årsverk, godtgjørelser etc

Det er ingen ansatte i Møre og Romsdal Folkemusikkklag og det er heller ikke utbetalt honorar til medlemmer i styret.

Revisor

Det er bokført kostnader på kr. 8875,- inkl mva til revisjon i 2019.

### Note 2 - Maskiner og anlegg

#### Avskrivninger

Instrumenter er avskrevet til kr 3,- tidligere år.

### Note 3 - Salgsinntekt

#### Tilskudd

Følgende tilskudd er mottatt i 2019:

Møre og Romsdal Fylkeskommune	100.000
	100.000

**Byrå  
Klient  
Periode**

**SpareBank 1 Regnskapshuset SMN AS  
00306 Møre og Romsdal Folkemusikklag  
2019**

**Saldbalanse  
Utskrift fra Visma Finale Årsoppgjør  
Dato : 28/04/2020 15:05 Side1av2**

Kontonr.	Kontonavn	Inngående	Postering	Saldo 2019	Saldo 2018
1210	Instrumenter	3,00	0,00	3,00	3,00
	<b>Transportmidler, inventar og maskiner</b>	<b>3,00</b>	<b>0,00</b>	<b>3,00</b>	<b>3,00</b>
1500	Kundefordringer	101 800,00	0,00	101 800,00	1 800,00
	<b>Kortsiktige fordringer</b>	<b>101 800,00</b>	<b>0,00</b>	<b>101 800,00</b>	<b>1 800,00</b>
1920	Bankinnskudd Nordea 6562.05.166	23 631,14	0,00	23 631,14	78 162,00
	<b>Betalingsmidler</b>	<b>23 631,14</b>	<b>0,00</b>	<b>23 631,14</b>	<b>78 162,00</b>
2050	Annen egenkapital	-66 465,00	-20 396,14	-86 861,14	-66 465,00
	<b>EGENKAPITAL</b>	<b>-66 465,00</b>	<b>-20 396,14</b>	<b>-86 861,14</b>	<b>-66 465,00</b>
2400	Leverandørgjeld	-38 573,00	0,00	-38 573,00	-13 500,00
	<b>KORTSIKTIG GJELD</b>	<b>-38 573,00</b>	<b>0,00</b>	<b>-38 573,00</b>	<b>-13 500,00</b>
3000	Kontingent medlemslag	-4 200,00	0,00	-4 200,00	-6 000,00
3001	Kontingent medlemslag forrige å	-1 200,00	0,00	-1 200,00	0,00
3002	Kontingentrefusjon fra FolkOrg	-10 650,00	0,00	-10 650,00	-10 320,00
3130	Tilskot M & R	-100 000,00	0,00	-100 000,00	-100 000,00
3190	Viderefakturering av omkostning	0,00	0,00	0,00	-5 000,00
3491	Kursavgift tradisjonskurs	-6 800,00	0,00	-6 800,00	-5 600,00
3492	Kursavgift Balkanmusikk	0,00	0,00	0,00	-6 500,00
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-122 850,00</b>	<b>0,00</b>	<b>-122 850,00</b>	<b>-133 420,00</b>
3900	Momskompensasjon	-9 413,00	0,00	-9 413,00	-9 133,00
	<b>Andre driftsinntekter</b>	<b>-9 413,00</b>	<b>0,00</b>	<b>-9 413,00</b>	<b>-9 133,00</b>
5100	Lærarlønn, skattefri	0,00	0,00	0,00	25 936,00
	<b>Personalkostnader</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>25 936,00</b>
6300	Leie lokaler	13 030,00	0,00	13 030,00	4 270,00
6700	Revisjonshonorar	8 875,00	0,00	8 875,00	8 625,00
6705	Regnskapskostnad	2 400,00	0,00	2 400,00	2 250,00
6720	Honorar Folkemusikkarkivet	35 625,00	0,00	35 625,00	36 375,00
6800	Kontorrekvisita	473,30	0,00	473,30	0,00
6941	Porto	0,00	0,00	0,00	194,00
7170	Reiseutlegg	8 453,00	0,00	8 453,00	7 053,00
7171	Andre kurskostnader	10 000,00	0,00	10 000,00	7 893,00
7320	Reklame/annonser	0,00	0,00	0,00	200,00
7321	Heimeside	2 115,00	0,00	2 115,00	1 875,00
7323	Tilskot deltaking Mokurset	3 000,00	0,00	3 000,00	0,00
7420	Tilskot kappleikar	20 000,00	0,00	20 000,00	20 000,00
7421	Gaver	2 430,60	0,00	2 430,60	1 724,00
7430	#MORO	2 500,00	0,00	2 500,00	0,00
7490	Andre tilskot	0,00	0,00	0,00	13 000,00
7600	Møtekostnader	2 870,00	0,00	2 870,00	1 799,00
7770	Bankkostnader	118,50	0,00	118,50	162,00
7790	Div kostnader	0,00	0,00	0,00	12 322,00
	<b>Andre driftskostnader</b>	<b>111 890,40</b>	<b>0,00</b>	<b>111 890,40</b>	<b>117 742,00</b>
8050	Renteinntekter	-23,54	0,00	-23,54	-51,00
	<b>Finansinntekter</b>	<b>-23,54</b>	<b>0,00</b>	<b>-23,54</b>	<b>-51,00</b>
8150	Rentekostnader	0,00	0,00	0,00	47,00
	<b>Finanskostnader</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>47,00</b>
8960	Overføringer annen egenkapital	0,00	20 396,14	20 396,14	-1 121,00
	<b>Disponering av årsresultat</b>	<b>0,00</b>	<b>20 396,14</b>	<b>20 396,14</b>	<b>-1 121,00</b>

**Byrå** SpareBank 1 Regnskapshuset SMN AS  
**Klient** 00306 Møre og Romsdal Folkemusikklag  
**Periode** 2019

**Saldobalanse**  
**Utskrift fra Visma Finale Årsoppgjør**  
**Dato : 28/04/2020 15:05 Side2av2**

Kontonr.	Kontonavn	Inngående	Posterings	Saldo 2019	Saldo 2018
	<b>TOTAL</b>	0.00	0.00	0.00	0.00

Til årsmøtet i  
Møre og Romsdal Folkemusikklag

## Melding frå uavhengig revisor

### Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 2

#### Konklusjon

Vi har revidert Møre og Romsdal Folkemusikklag sin årsrekneskap som viser eit overskot på **kr 20.396**. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoene og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoene, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Styret er også ansvarleg for slik intern kontroll som det finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må styret ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

ØRSTA:	EID:	STRYN :
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsgt. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30

### Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi atesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsvynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare skildring av revisor sine oppgåver og plikter viser vi til  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

### Uttale om andre lovmessige krav

#### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysninga i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ørsta, 11.09.2020

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS



Arild Rafshol  
registrert revisor

# Handlingsplan - Årsmøte 2020

## Møre og Romsdal folkemusikklag

Målsetting (frå vedtekten)	Aktivitetar 2020:
<i>Samordne arbeidet for folkemusikk og folkedans i samsvar med føremålet for organisasjonen,</i>	Styret deltek på samarbeidsmøter med Folkemusikkarkivet (FAMR) og Ungdomslaga Halde fram samarbeidet med Folkemusikkarkivet i høve kjøp av arbeidstimer MRFL støtter og promoterer prosjektet "Folkepedia" (2018-2020, Noregs UL) MRFL støtter og samarbeider om ungdomsprosjektet "Raudan Gull" (2018-2020) (FAMR) Organisere felleslag til tevlingar utanfor fylket gjennom prosjektet #MORO
<i>Leggje tilhøva til rette for arbeidet i lokallaga</i>	Medlemslaga får tilbud om kjøp av instruksjonstenester gjennom Folkemusikkarkivet MRFL tilbyr hjelp til arrangør av Sjokolade- og Fylkeskappleik (finne dommarar/administrere påmelding etc.) Vere bindeledd mellom lokallaga og FolkOrg
<i>Medverke til å skape nye lag Drive opplærings- og kursverksemd</i>	Arrangere Tradisjonskurs i samarbeid med Folkemusikkarkivet for MR Tilby økonomisk stønad til deltakarar på dommarkurs i regi av FolkOrg Tilby økonomisk stønad til deltakarar på sommarkurs (td. Mokurs) Samarbeide med FAMR om evt. skiping av nye lag Samarbeide med FAMR om oppfølging av eksisterande lag Samarbeide med FolkOrg om oppfølging av eksisterande lag Freiste rekrutterere fleire medlemmar til FolkOrg (kappleiksdeltakarar etc.) Arrangere og legge til rette for kurs i eldre folkemusikkinstrument
<i>I samsvar med føremålet ivareta interessa andsynes fylkeskommunale styresmakter</i>	Delta på møter og konferansar i regi av MRFK (td. FrivilligForum) Rapportere drift til fylkeskulturavdelinga – føresetnad for 3-årig driftstilskot MRFL fordeler kappleikstilskot på vegne av MRFK Delta på Landsmøtet til FolkOrg Delta på områdelagsmøter i regi av FolkOrg MRFL søker gave- og prosjektmidlar hos andre aktørar (sparebank, forsikring, RFF, KOMP)
<i>Syte for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år</i>	Arrangere Sjokoladekappleik kvart år saman med lokal arrangør Arrangere fylkeskappleik kvart år saman med lokal arrangør
<i>Drive innsamlingsarbeid og vere med i folkemusikkarkivets verksemd</i>	MRFL har opprettet ein budsjettpost på kr 10.000 for stønad til publikasjonar og utgivingar Støtte FAMR i arbeidet med digitalisering av Folkemusikk Bladet Støtte innsamlingsarbeid og publikasjonar i regi av FAMR

**BUDSJETT 2020**

	<i>Res -2018</i>	<i>Res. 2019</i>	<i>Budsjett 2020</i>	<i>Budsjett 2021</i>	<i>Budsjett 2022</i>
<b><u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u></b>					
3000 Kontingent medlemslag	-6 000,00	-4 200,00	-6 000,00	-6 000,00	-6 000,00
3001 Kontingent medlemslag forrige		-1 200,00	0,00		
3002 Kontingentrefusjon frå FolkOrg	-10 320,00	-10 650,00	-8 000,00	-8 000,00	-8 000,00
3111 Tilskot Rff - prosjektmidler	0,00	0,00	0,00	-12 000,00	-12 000,00
3113 Tilskot KOMP Norsk Musikkråd	0,00	0,00	0,00	-10 000,00	-10 000,00
3130 Tilskot frå Møre og Romsdal Fy	-100 000,00	-100 000,00	-100 000,00	-100 000,00	-100 000,00
3491 Kursavgift Tradisjonskurs	-12 100,00	-6 800,00	0,00	-20 000,00	-20 000,00
3500 Sponsorinntekter	-5 000,00	0,00	-15 000,00	-20 000,00	-20 000,00
3900 MOMSKOMPENSASJON	-9 133,00	-9 413,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00
<b>SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</b>	<b>-142 553,00</b>	<b>-132 263,00</b>	<b>-139 000,00</b>	<b>-186 000,00</b>	<b>-186 000,00</b>
<b><u>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</u></b>					
6300 Lokalleie	4 270,00	13 030,00	5 000,00	5 000,00	5 000,00
6700 Rekneskapskostnad	2 250,00	2 400,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
6720 Honorar FOLKEMUSIKKARKIVET	36 375,00	35 625,00	30 000,00	50 000,00	50 000,00
6790 Annen fremmed tjeneste, revisj	8 625,00	8 875,00	10 000,00	0,00	0,00
6800 Kontorrekvisita	0,00	473,00	1 000,00	1 000,00	1 000,00
6941 Porto	194,00	0,00	0,00	0,00	0,00
7160 Diettkostnader, ikke oppgavepl	0,00	0,00	0,00	6 000,00	6 000,00
7170 Reiseutlegg	7 053,00	8 453,00	0,00	14 000,00	14 000,00
7171 Andre kurskostnad	7 893,00	10 000,00	5 000,00	5 000,00	5 000,00
7320 Annonser	200,00	0,00	1 000,00	1 000,00	1 000,00
7321 Heimeside www.folkemusikklag.n	1 875,00	2 115,00	3 000,00	3 000,00	3 000,00
7322 Tilskot Folkepedia (tid."Favor	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
7323 Tilskot deltaking på sommarkurs	0,00	3 000,00	0,00	10 000,00	10 000,00
7420 Tilskot til kappleikar	20 000,00	20 000,00	10 000,00	20 000,00	20 000,00
7425 Tilskot Raudan Gull	10 000,00	0,00	50 000,00	20 000,00	20 000,00
7421 Gaver (inkl. tilskot publikasjonar)	4 723,00	2 430,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
7430 #MORO		2 500,00	0,00	20 000,00	20 000,00
7500 Forsikringspremier	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
7600 Møtekostnader	1 799,00	2 870,00	2 000,00	4 000,00	4 000,00
7770 Bank- og kortgebyr	162,00	118,00	2 000,00	3 000,00	3 000,00
7790 Diverse kostnader	12 322,00		0,00	4 000,00	4 000,00
<b>SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD</b>	<b>117 741,00</b>	<b>111 889,00</b>	<b>139 000,00</b>	<b>186 000,00</b>	<b>186 000,00</b>